

Til institusjonar/etatar under Landbruksdepartementet

Oslo, 21.12.94

STATSBUDSJETTET 1996 - BUDSJETT- FRAMLEGG FRÅ INSTITUSJONANE / ETATANE

INNLEIING

Departementet gir med dette rundskrivet Reindriftsadministrasjonen, Landbrukstilsynet, SVL, SNT, Statens Skogfrøverk, NIJOS og Landbruksbanken generelle retningslinjer for desse institusjonane/ etatane sine budsjettframlegg for 1996. Frist for innsending av budsjettframlegget er 1. mars 1995.

Landbruksnæringa står overfor utfordringar på fleire område. Eit hovudmål for landbrukspolitikken framover er å skape eit meir framtidsretta landbruk, som er meir robust i høve til å møte nye utfordringar og endringar i rammevilkåra, jf. St.prp. nr. 8 (1992-93) og St.prp. nr. 1 (1994-95). Det er difor viktig å redusere kostnadsnivået i jordbruket, få ein meir konkurransedyktig omsetnad og foredling av jordbruksvarer og nytte ut nye høve til verdiskaping og næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Departementet legg vidare stor vekt på å vidareføre omsynet til miljøet. Institusjonane/ etatane under Landbruksdepartementet skal gjere sitt for at norsk landbruk utviklar seg i tråd med desse måla og blir meir framtidsretta.

Mål- og resultatstyring er eit viktig verkemiddel for å sikre effektiv ressursbruk og høg måloppnåing i forvaltninga. Styringsprinsippet inneber at departementet overfor institusjonane og etatane fastset overordna mål og resultatmål samstundes som dei ulike verksemdene har stor fridom til å avgjere korleis måla skal bli nådde.

Ein viktig konsekvens av at målstyring er innført som styringsprinsipp i landbruksforvaltninga er at krava til verksemdene har auka når det gjeld å dokumentere resultat, for med det å vise kva for effekt dei ulike ordningane og verkemidla har hatt. Behovet for betre resultatdokumentasjon frå underliggjande institusjonar og etatar har vore sterkt understreka i budsjetttrundskriv dei siste åra. Dei fleste institusjonane/etatane har i samarbeid med departementet formulert konkrete resultatmål og resultatindikatorar, jf.

St.prp. nr. 1 (1994-95). Det vil bli lagt stor vekt på å følgje opp og utvikle resultatmål og betre system for resultatdokumentasjon òg i arbeidet med budsjettet for 1996.

For departementet er budsjetttrundskrivet eit viktig styringsdokument som får fram grunnlagsmateriale til budsjettbehandlinga i departementet og som sikrar at institusjonane/etatane får den same informasjonen med omsyn til viktige styringssignal.

Institusjonane/etatane sine budsjettforslag, med klare målformuleringar og godt utvikla strategiar, er vidare viktige bidrag til styringsdialogen mellom departementet og dei underliggjande verksemdene.

For å oppfylle politiske mål, må ein møte stramme budsjetttrammer med omprioriteringar og nytenking. Departementet ønskjer særleg at institusjonane/etatane forklarar korleis endringar i omgivnadene slår ut i endra vektleggingar og omprioriteringar internt i verksemda.

Av omsyn til arbeidet med å betre resultatrapporteringa er del II Rapport 1994 utforma som eit eige tilpassa vedlegg for kvar einskild institusjon/etat (vedlegg 1).

BUDSJETTFRAMLEGGET FRÅ INSTITUSJONEN

Budsjettframlegget frå institusjonen skal innehalde I. Mål og strategiar, II. Rapport for 1994 og III. Budsjettframlegg for 1996.

I MÅL OG STRATEGIAR

1. INSTITUSJONEN SI ROLLE I SAMFUNNET

Avsnittet skal gi ein kort presentasjon av institusjonen der det primære er å gi eit bilete av oppgåvene og rolla til institusjonen i samfunnet. I tilknytning til dette bør ein òg presentere verksemdidéen eller visjonen til institusjonen.

Institusjonen skal i hovudtrekk skildre korleis ein trur at behova for institusjonen sine tenester vil utvikle seg dei næraste åra og kva for konsekvensar dette bør få for verksemda med omsyn til vektlegging av mål- og satsingsområde.

2. MÅL

Institusjonen skal her gjere greie for dei overordna måla/ hovudmåla. I utforminga av måla bør ein leggje vekt på samfunnseffekten av verksemda til institusjonen. Når det gjeld framlegg til konkrete resultatmål for 1996, viser ein til pkt. III, 2 nedafor.

3. SKILDRING AV TILSTANDEN

Avsnittet skal gi ei framstilling/analyse av tilstanden innafor institusjonen sine verksemdområde. Framstillinga/analysen skal ta utgangspunkt i dei måla som institusjonen har for verksemda.

4. FRAMTIDIGE BEHOV FOR INSTITUSJONEN SINE TENESTER

Institusjonen skal med utgangspunkt i dei overordna styringssignala som departementet har gitt for verksemda, i hovudtrekk skildre korleis ein meiner at behova for institusjonen sine tenester vil utvikle seg dei næraste åra og kva for konsekvensar dette bør få med omsyn til vektlegging av mål- og satsingsområde.

5. STRATEGIAR

Institusjonen skal legge fram dei strategiane som er lagt til grunn for verksemda. Strategiane skal ha ei klar forankring i institusjonen sine mål, samstundes som dei tek utgangspunkt i realistiske ressursrammer.

Det er viktig at strategiane synleggjer korleis institusjonen har tenkt å kome frå nåtilstand, jf. pkt. 3, til den tilstanden i framtida som ein ønskjer, jf. pkt. 2.

Landbruksdepartementet vil òg be om at institusjonen legg fram strategiar på område med behov for endring, jf. pkt. 4.

II RAPPORT 1994

Sjå vedlegg 1 for den einskilde institusjonen.

III BUDSJETTFRAMLEGG

Budsjettframlegget skal på vanleg måte femne om alle utgifter og inntekter som kjem til kontant utbetaling eller innbetaling i budsjettåret, og framlegget skal byggje på forventa prisnivå i 1995. Forventa prisstigning i 1996 vil bli innarbeidd av departementet.

Budsjettoppstillinga skal berre spesifiserast på postnivå.

Retningslinjer for statsbudsjettet for 1996 er enno ikkje utforma av Finansdepartementet. Landbruksdepartementet tek difor visse atterhald m.o.t. opplysningane nedafor. Endringar i føresetnadene eller behov for tilleggssdata vil departementet eventuelt kome attende til.

For SVL viser Landbruksdepartementet til brev av 12.10.94 om «statlig finansiering av forskningsinstitutter - retningslinjer og oppfølging». Som eit ledd i arbeidet med å tilpasse desse retningslinjene til forskningsinstitutta, ber vi om at SVL i budsjettframlegget sitt gjer greie for korleis dette kan gjerast.

1. PRIORITERINGAR OG SATSINGSOMRÅDE FOR BUDSJETTÅRET 1996

1.1 PRIORITERINGAR INNAFOR UENDRA BUDSJETTRAMME

Under punktet skal institusjonen leggje fram og grunngi kva for oppgåver og verksemdområde som vil bli styrkt og redusert innafor eit uendra driftsbudsjett (post 01 og 11) i høve til tildelinga for 1995. Ein bør leggje opp til ein særskild omtale av viktige satsingsområde. Departementet vil be om at omprioriteringane blir oppsummert i ein tabell som vist nedafor. I tabellen må det òg gå fram kor stor effektiviseringsgevinst ein legg til grunn i 1996, jf linje III i tabelloppsettet. Beløpet blir gitte opp i mill. kr med 1 desimal.

(mill. kr)			
	Oppgåver	Verksemdområde	Auke/reduksjon
I. Auka ressursbehov	(Spesifiserast)	(Spesifiserast)	+
	"		+
	"		+
II. Redusert ressursbehov	(Spesifiserast)	(Spesifiserast)	-
			-
			-
III. Effektivisering			-
Uendra driftsbudsjett			0

1.2 PRIORITERINGAR INNAFOR EI REDUSERT BUDSJETTRAMME

Under dette punktet skal institusjonen gjere framlegg om reduksjonar som samla utgjer 3% i høve til tildelinga for 1995. Ein ber om at dei oppgåvene som får redusert ressursbruken blir summert opp i ein tabell som vist nedafor.

(mill. kr)			
	Oppgåver	Verksemdområde	Reduksjon
Redusert ressursbruk	(Spesifiserast)	(Spesifiserast)	-

	"	"	-
	"	"	-
Redusert driftsbudsjett			- (3%)

1.3 TILLEGGSFRAMLEGG

Institusjonen har utover ei ressursramme lik tildelinga i 1995, høve til å legge fram tilleggsframlegg. Tilleggsframlegga må ha bakgrunn i heilt særskilde behov/reformer som ikkje er dekte inn i tildelinga.

Desse hovudpunkta må ein omtale i tilleggsframlegget:

1. Formålet med tiltaket
2. Vurdering av behovet
3. Nærare om det konkrete framlegget, vurdering av kostnad og i kva grad det er mogleg å omdisponere innafor eksisterande ramme
4. Vurdering av nytte/ kostnad
5. Kva for resultat ein ventar at tiltaket skal gi innafor ei avgrensa tidsramme og korleis dette kan bli målt

Departementet vil elles vise til at institusjonen kan få auka ressursrammene gjennom meirinntekter. Det er generelt lettare å få gjennomslag for tilleggsframlegg mot meirinntekter enn tilleggsframlegg utan inndekking. Vi vil òg be om at post 21 blir budsjettert så realistisk som mogleg og at budsjetteringa blir sett i høve til siste tilgjengelege rekneskapstal.

Landbruksdepartementet vil framleis disponere løyvingar sentralt under kap. 1100, postane 45 Store nyinnkjøp og 46 Ekstraordinært vedlikehald. Institusjonen kan i eigen søknad til departementet søke om midlar til relevante prosjekt. Søknad om slike midlar må ein sende departementet **innan 1. mars** i budsjetterminen.

1.4 STILLINGAR

Skjemaet for organiserte stillingar pr. 01.01.95 skal fyllast ut, jf. vedlegg 2. Vi ber institusjonen gruppere stillingane etter dei stillingskategoriane som er nytta i St.prp. nr. 1 (1994-95).

Det er uheldig dersom stillingstalet i statsbudsjettet ikkje gir eit rett bilete av talet på stillingar som er i bruk. Landbruksdepartementet ber i denne samanhengen om ei vurdering av om institusjonen har fleire stillingsheimlar enn det som ein treng i 1996.

Eventuelle framlegg om nye stillingsheimlar (alle grupper) eller framlegg om omgjerding av/til gruppe I stillingar må ein ta opp særskild i institusjonen sitt budsjettframlegg.

Dersom institusjonen i 1996 har behov for fleire stillingsheimlar til oppdragsforskning/ oppdragsverksemd under post 21, ber departementet om at dette blir forklart særskild.

2. RESULTATMÅL

Departementet ønskjer betre dokumentasjon av resultata av verksemda i institusjonane/etatane, særleg m.o.t. samfunnseffektar. Utforming av konkrete resultatmål og tilhøyrande resultatindikatorar er eit nødvendig steg i prosessen.

I budsjettproposisjonen for 1995 er det presentert resultatmål og resultatindikatorar for institusjonen/etaten. Institusjonen kan i budsjettframlegget òg gjere framlegg om *nødvendige* justeringar av resultatmåla og/ eller -indikatorane eller gjere framlegg om viktige nye resultatmål og tilhøyrande resultatindikatorar.

3. INNTEKTER

Alle inntektene må budsjetterast så realistisk som mogleg, og i nødvendig grad sjåast i samanheng med nivået på utgifter som er knytt til desse. Reduserte inntekter vil normalt føre til ein tilsvarande reduksjon på utgiftssida. Dersom ein ventar at inntektene vil gå ned, er det difor viktig at verksemda vurderer nærare korleis ein kan kompensere for inntektsbortfallet.

Landbruksdepartementet ber institusjonen vurdere tiltak som kan gi auke i inntektene. Dette er viktig med omsyn til budsjettbalansen for Landbruksdepartementet totalt og med tanke på ordningar som gir institusjonane auka økonomisk handlefridom.

I denne samanhengen skal institusjonen vurdere i kva for grad

- ◊ institusjonen kan ta betalt for/ auke prisen for tenester og andre produkt som institusjonen leverer
- ◊ institusjonen kan leggje avgift på/ auke avgifta på andre oppgåver som institusjonen gjer
- ◊ institusjonen kan auke omfanget av oppdragsforskning/oppdragsverksemd i høve til omfanget av slik verksemd i dag

PRAKTISKE SPØRSMÅL


Budsjettframlegget med vedlegg skal oversendast Landbruksdepartementet ved Administrasjons- og økonomiavdelinga i 4 eksemplar innan 01.03.95.

Vi gjer merksam på at institusjonane sine budsjettframlegg er offentlege dokument, og at desse blir sendt Stortinget som ikkje trykte vedlegg til St.prp. nr. 1. Departementet vil


7
oppmode institusjonane/ etatane til å skrive budsjettframlegget på nynorsk og viser til
norma som er nytta i St.prp. nr. 1 (1994-95).

St.prp. nr. 1 er Regjeringa sitt budsjettframlegg, og departementet tillet ikkje at
institusjonane uoppfordra går direkte til Stortinget med budsjettsaker.

Med helsing



Terje Jensen e.f.



Magne Gautefall

Vedlegg 1

RAPPORT 1994 FOR STATENS LANDBRUKSBANK

1 FINANSIERING

I dette avsnittet skal Landbruksbanken liste opp og kommentere korleis banken har skaffa midlar til drifta. Følgjande tabell skal nyttast:

Tabell 1: Finansieringskjelde

År	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Andre finansieringskjelder		Totalt
	Beløp	%	Beløp	%	Beløp
1992					
1993					
1994					

2 RESSUR SINNSATS

Rapporten skal gi eit samandrag av ressursinnsatsen i høve til institusjonen sine verksemdområde i 1994.

Departementet ønskjer en detaljert og spesifisert inndeling i verksemdområde. Målet er å betre oversikten over ressursbruken i verksemda. Endringar i ressursinnsatsen innafor dei enkelte områda bør gå klart fram av presentasjonen.

Tabell 2 Ressursinnsats i tal årsverk, spesifisert på verksemdområde

Verksemdområde	1992	1993	1994
Bygde- og næringsutvikling			
Fellestenester			
osb			
Naturskadefondet			

Forklar endringar i perioden!

3 RESULTAT

3.1 INNLEIING

Dei resultata som ein har nådd i 1994 skal ein omtale i høve til dei måla og oppgåvene som er omtalte i St. prp. nr. 1 for 1994.

Det er enda ikkje utarbeidd system for mål- og resultatstyring for Statens Landbruksbank, og målstrukturen er difor ikkje oppretta. Dette vil prege resultatomtalen. Departementet vil koma attende til utarbeiding av eit system for mål- og resultatstyring for Landbruksbanken med innføring av ein målstruktur med operative delmål.

SLB bør i tillegg til nedanforstående rapportering, gi ein verbal tilstandsrapport.

3.2 RESULTAT AV VERKSEMDA LANDBRUKSBANKEN I 1994

Landbruksbanken skal gi ein oversikt over, og kommentere dei tiltaka som er sette i verk med omsyn til kompetanseutvikling og -formidling i tabellen nedanfor.

Tabell 3 Kompetanseutvikling og -formidling

Kurs nr	Målgruppe	Tema	Deltakertal	Kurslengde

Landbruksbanken skal vidare gi ein oversikt over dei ymse stønads- og finansieringsordningane som Landbruksbanken administrerer. Tala skal syne sakstal og beløp i mill. kroner pr. ordning.

Tabell 4 Stønads- og finansieringsordningar

Formål	1993			1994		
	talet på saker	Renteberande lån	Inv.lån og tilsk.	talet på saker	Renteberande lån	Inv.lån og tilsk.
Driftsbygningar						
Tilleggsnæringar						
osb.						

Forklar endringar i perioden!

Banken si utestående lånemasse og endringar i denne fordelt på ordinære og ekstraordinære nedbetalingar skal framgå. Vidare skal totalt innlån frå staten og endringar i storleiken på innlån gå fram.

Utviklinga av renta gjennom året og totalt behov for rentestønads skal omtalast. Og gjennomsnittleg rente på innlån frå staten skal gå fram.

Banken sine tap på utlån og saldo på Landbruksbanken sine fond pr. 31.12.94 skal gå fram av resultatrapporteringa.

Tabell 5 Talet på stadfesta tvangsauksjonar, overtekne eigedommar, offentlege- og private gjeldsforhandlingar, konkursar og garantiar (tal saker)

	1992	1993	1994
Stadfesta tvangsauksjonar			
Eigedommar overtekne av SLB			
Konkursar			
Gjeldsforhandlingar, offentlege			
Gjeldsforhandlingar, private			
Garantiar			

3.3 EFFEKTIVISERINGSTILTAK OG KVALITETSSIKRINGSTILTAK

Landbruksbanken skal gjøre greie for effektiviserings- og kvalitetssikringstiltak som er gjennomførte i rapportåret.

4 RAPPORT FOR STATENS NATURSKADEFOND (Kap. 1148)

Oversikt over finansiering og ressursinnsats går fram av omtalen under Kap. 2411 Statens Landbruksbank.

4.1 RESULTAT

Tabell 6 Oversikt over og omtale av bruken av midlar til ymse verksemdområde

Verksemdområde	1992	1993	1994
Erstatning			
<u>Sikring</u>			
Kartlegging			
Sal av kart(inntekt)			

Tabell 7 Oversikt over- og omtale av sikringstiltak, talet på saker og beløp i 1000 kroner, fordelt på år

	1992	1993	1994
Ant. finansierte saker			
Beløp til sikring			
Ant. tiltak finansiert før skade			
Midlar til tiltak før skade			
Gjennomsnittleg tilskottsprosent			
Talet på søknader som ikkje er handsama			
Kostnadsoverslag for søknader som ikkje er handsama pr. 31.12.94			

4.2 EFFEKTIVISERINGSTILTAK OG KVALITETSSIKRINGSTILTAK

Eks. klagehandsaming og rutinar for sakshandsaming.

4.3 ANDRE TILHØVE

Verbal tilstandsrapport.

VEDLEGG 1

RAPPORT 1994 NIJOS

1 FINANSIERING

I dette avsnittet syner NIJOS korleis ein har skaffa midlar til drifta. Følgjande tabell skal nyttast:

Tabell 1: Finansieringskjelde

	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Andre finansieringskjelder		Totalt
År 1994	Kr	%	Kr	%	Kr

2 RESSURSIINNSATS

Rapporten skal gi eit samandrag av ressursinnsatsen sett i høve til institusjonen sin verksemdplan/årsplan for 1994.

Departementet legg vekt på at ein skal nytte tidsseriar for å få fram utviklinga i ressursbruken på verksemdområda over tid.

Tabell 2. Ressursinnsats fordelt på verksemdområder og årstal

Verksemdområde	1993			1994		
	Årsverk	Kr	% av totalsum	Årsverk	Kr	% av totalsum
1. Landsomfattande representativ kartlegging						
1.1 Landskogtaksering						
1.2 Overvaking						
2. Areal- og landskapskartlegging						
2.1 Markslag						
2.2 Jord						
2.3 Vegetasjon/landskap						
3. Forvaltningstenester						
3.1 Skogbruksplanlegging						
3.2 Geovekst						
3.3 Registersamordning						
4. Tenester til Jordskifteverket						
4. Andre oppdrag						
5. Adm., EDB og fellestenester						
Samla ressursinnsats						

Opplæring / eigenutvikling og hjelpe-/støttefunksjonar skal NIJOS knytte til den interne administrasjonen. Permisjon og sjukdom går inn i årsverkinnsatsen innan dei einskilde verksemdområda.

3 RESULTAT

NIJOS skildrar kort arbeidet som har gått føre seg sett i høve til dei mål og oppgåver som er omtalte i St. prp. nr. 1 for 1994 og i institusjonen sin målstruktur elles. Institusjonen må leggje vekt på korleis produkta blir motteken og effektane i marknaden.

Landskogtaksering og skogovervaking

Mål	Resultat/effekt

Areal- og landskapskartlegging

Mål	Resultat/effekt

Forvaltningstenester

Mål	Resultat/effekt

Tenester til Jordskifteverket

Mål	Resultat/effekt

I tillegg ber departementet om rapportering på eventuell forskingsinnsats - kva for område det er forska på, satsingsområder og kva for resultat ein har fått i 1994.

Institusjonen må omtale store avvik i høve til planlagte resultata i verksemdplanen.

3.1 EFFEKTIVISERINGSTILTAK

NIJOS skal her skildre dei effektiviseringstiltak som er blitt gjennomført og satt i gang i 1994. Vi tenker her m.a. på prosjektet digital markslagskartlegging og eventuelt også på forenkling ved jordsmonnkartlegging ved kompliserte jordbunnsforhold. Investeringar i produksjonsutstyr i samband med landskogtaksering, jordsmonnkartlegging, levering av tenester for Jordskifteverket m.m.

Er det etablert samarbeidsordningar med andre institusjonar, ber departementet om at desse ordningane blir omtalte.

3.2 SATSINGSOMRÅDER

3.2.1 MILJØ

Under dette avsnittet skal ein gi ein særskilt omtale av NIJOS si miljøratsing i 1994. Under dette punktet reknar ein aktivitetar som heilt eller delvis heng saman med den overordna målsettinga om å sikre ei berekraftig utvikling. Formåla med aktivitetane må ein kunne avleie av dei hovudmål som er spesifisert i St.meld. nr. 46 (1988-89) "Miljø og utvikling". Aktivitetar på andre hovudområde der omgrepet miljø finst, skal ikkje reknast med, t.d. indre miljø og ordinære helsetiltak.

3.2.2 ANDRE SATSINGSOMRÅDER

Her kan NIJOS kort omtale satsingsområder som t.d. det førebuande arbeidet med digital markslagskartlegging (DMK) m.m.

Vedlegg 1

RAPPORT 1994 FOR STATENS SKOGFRØVERK

1 Innleiing

Resultatrapporten skal gi ei oversikt over korleis ressursane er nytta på dei einiskilde verksemdområda og korleis dette samsvarar med måla som er skisserte for skogfrøverket. Ein ser på rapporteringa som eit viktig ledd i å sikre betre bruk av ressursane og å nå dei måla som er sette.

2 Finansiering

Skogfrøverket skal her setje opp og kommentere korleis dei har skaffa midlar til verksemda i 1994.

Tabell 1. Finansieringskjelde 1994

(i 1000 kr)

Ordinære midlar over statsbudsjettet	Andre offentlege midlar	Private finansieringskjelder	Totalt
Beløp %	Beløp %	Beløp %	Beløp

3 Ressursinnsats

Rapporten skal gi eit samandrag av ressursinnsatsen på dei einiskilde verksemdområda i 1994. Fordelinga skal gjerast i tråd med verksemdsplanen til skogfrøverket for 1994. Om det er store avvik må ein kommentere desse.

Ressursinnsatsen skal fordelast på dei einiskilde verksemdområda.

Vi gjer merksam på at verksemd som er eksternt finansiert òg skal reknast med i tabellen, til dømes leiekleding. I tabellen skal samla ressursinnsats framgå i årsverk (med ein desimal) og i kroner (i 1000 kr). Under internadministrasjon skal all administrasjon som ein ikkje kan knytte til eit særskilt verksemdområde samlast. Dette kan til dømes være delar av leiarfunksjonane, økonomiforvaltning, personalforvaltning, organisasjonsutvikling, brukarstøtte EDB, drift og vedlikehald av Edb-systemet og - utstyr, skrive- og forværelsetenester. Departementet ber om at skogfrøverket gir ein særskilt omtale av internadministrasjonen i kommentarane til tabellen. Tala som kjem til syne i tabellen bør omtalast. Permisjon og sjukdom skal inngå i årsverkinnsatsen på dei einiskilde verksemdområda.

Tabell 2: Ressursinnsatsen delt på verksemdområde og årstal

Verksemdområde	1993		1994	
	Årsverk	Beløp	Årsverk	Beløp
Internadministrasjon				
Samla ressursinnsats				

4 Resultat

Dei resultata som er nådde i 1994, skal ein sjå i samanheng med dei måla og oppgåvene som er omtalte i St.prp. nr. 1. for 1994 samt dei resultatmåla som går fram av løyvingsbrevet, datert 26.01.94 og skogfrøverket sin eigen verksemdplan for 1994. Resultat som ikkje er nådde, må kommenterast.

Ressursar som er nytta (samanhengen mellom ressursbruken og resultat), bør ein rapportere med enkle nøkkeltal. I den samanhengen er det viktig å få fram om kravet til ei inntening på omlag 85% er nådd, og om kravet om inntening står i samsvar med dei oppgåvene som ligg til skogfrøverket.

Sia skogfrøverket har fått delegert ansvar for å sette pris på skogfrø, ber vi om at skogfrøverket kort greier ut om strategien for fastsetjing av frøprisen. Dette bør sjåast i samanheng med inntektsmålet.

4.1 Oppgåver frå verksemda

I tabellform ber vi om ei oversikt over resultat som er nådde i 1994. Dette gjeld oppgåver frå konglesanking, frøproduksjon, frøsal, samt ei oversikt over frølager og analysar som er gjennomførte. Vi ber òg om ei oversikt over bestand som er registrert for frø- og konglesanking i 1994. Det er ønskeleg med ein kort klargjering av dei tala som kjem fram.

4.2 Effektiviseringstiltak

Skogfrøverket skal her gi ei omtale av dei effektiviseringstiltaka som er gjennomførte og sette i gang i 1994.

4.3 Satsingsområde

Skogfrøverket skal gjere greie for dei resultata som er nådde innan satsingsområda som går fram av verksemdplanen, samt andre definerte mål.

4.3.1 Kvalitetssikring

Avsnittet skal gi ei særskilt omtale av kvalitetssikringsarbeidet til skogfrøverket på dei einskilde verksemdområda i 1994. Departementet ønskjer her ei spesiell omtale av tiltak knytt til kvalitettesting av frø og plantar.

4.3.2 Miljø

Skogfrøverket skal gi ei særskilt omtale av miljøsattinga til skogfrøverket i 1994. Under dette punktet skal skogfrøverket omtale aktivitetar som ein kan knytte til overordna målsetjingar om ei berekraftig utvikling.

VEDLEGG 1

RAPPORT 1994 FOR STATENS NÆRINGSMIDDELTILSYN

Arbeidet med å få i stand gode metodar og system for resultatrapportering for Statens næringsmiddeltilsyn er kome godt i gang. Departementet ber om at rapporten for 1994 byggjer på dei mål og resultatindikatorane som blei presenterte i St.prp. nr. 1 (1993-94) og styringssignala i tildelingsbrevet av 5.1.94.

1. Finansiering

I dette avsnittet skal institusjonen føre opp og kommentere korleis ein har skaffa seg midlar til drifta. Vi ber om at følgjande tabell blir nytta:

Tabell 1: Finansieringskjelder

	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Andre finansieringskjelder		Totalt
År	Beløp	%	Beløp	%	Beløp
1994					

2. Ressursinnsats

Rapporten skal gi eit samandrag av ressursinnsatsen i høve til dei mål som er sette for verksemda i 1994. Store avvik må kommenterast.

Departementet ber om at SNT fordeler ressursbruken etter ei inndeling i institusjonen sine aktivitetsområder. Departementet gjer merksam på at heile ressursinnsatsen inkludert ressursinnsatsen som er knytt til aktiviteten som er finansiert ved hjelp av eksterne midlar (f.eks. arbeid for trygd) skal reknast med i tabellen. Ressursinnsatsen skal SNT gi opp i årsverk (med 1 desimal) og i beløp (i 1 000 kr).

Administrasjon som ein ikkje kan knytte til eit eige aktivitetsområde skal leggjast til området internadministrasjon. Det kan f. eks. vere delar av leiarfunksjonane, økonomiforvaltning, personalforvaltning, personalutvikling, organisasjonsutvikling, brukarstøtte EDB, drift og vedlikehald av EDB-system og -utstyr, skrive- og andre kontortenester og arkivtenester. Departementet ber om at institusjonen omtaler internadministrasjonen særskilt i kommentarane til tabellen. Permisjon og sjukdom skal gå inn i årsverksinnsatsen på dei enkelte aktivitetsområda.

I omtalen bør institusjonen peike på tilhøve som kan vere med å forklare tala i tabellen.

Tabell 2: Fordelinga av ressursinnsats på aktivitetsområder og årstall

Aktivitetsområder	1993		1994	
	Årsverk	Beløp	Årsverk	Beløp
Inndeling i hovedaktivitetar				
*				
*				
*				
Internadministrasjon				
Samla ressursinnsats				

3. Resultat

Vi ber om at Statens næringsmiddeltilsyn gjer greie for det arbeidet som er utført i 1994 sett i høve til dei mål og strategiar som blei sette opp i St.prp. nr. 1 for 1994 og i tildelingsbrevet for 1994.

Av dei satsingsområda som går fram av budsjettproposisjonen for 1994 vil departementet særskild be om at det blir gjort greie for

- arbeidet ved SLAN- laboratoria og korleis desse fungerer i den offentlege næringsmiddelkontrollen.
- arbeidet med statleggingering av importkontrollen og tilsynet med større verksemdar som produserer animalske produkt.
- arbeidet med internkontroll i næringsmiddelverksemdene.
- framdriftsplanen for utbygginga av lokale for SNT på Adamstua.

Dei siste åra er det brukt relativt mykje midlar til å få stand ulike EDB-system både internt og imot andre etatar. Departementet ber SNT om å vurdere effektiviseringsverknaden av dette og korleis det fungerer i dag (drift, kunnskapsnivå, opplæring m.m.). Vi vil særskilt be om at det blir gjort greie for framdrifta i arbeidet med EDB-kommunikasjonssystemet innan næringsmiddeltilsynet totalt.

VEDLEGG 1

RAPPORT 1994 FOR STATENS VETERINÆRE LABORATORIER

Vi ber om at ein utarbeider rapporten med det siktemål at den òg skal danne grunnlag for konsernmøte vinteren/våren 1995, samt veterinærdirektøren sin årsrapport for 1994.

1 FINANSIERING

SVL skal melde og kommentere korleis institusjonen har skaffa midlar til drifta. Tabellen under skal nyttast:

Tabell 1: Finansieringskjelder

År	Ordinære middel over statsbudsjettet		Forskningsråda		Andre finansieringskjelder		Totalt
	Beløp	%	Beløp	%	Beløp	%	Beløp
1992							
1993							
1994							

Vi ber om ei eiga omtale av erfaringane med innføring av betaling for prøver. Vidare om dette og andre forhold kan gi auka inntekter for SVL, m.a. gjennom oppdragsverksemd.

2 RESSUR SINNSATS

2.1 Ressursinnsats etter verksemdområde

Departementet ber om at SVL rapporterer om endeleg ressursforbruk i 1994. Ein ber om at ressursforbruket blir fordelt etter ei inndeling ut frå verksemdområda som følgjer av institusjonen sine hovudmål.

All ressursinnsats, også ressursinnsats knytt til verksemd som er eksternt finansiert (inkl. arbeid for trygd), skal reknast med i tabellen. Den samla ressursinnsatsen skal SVL legge fram i 1000 kr. Under området internadministrasjon sorterer administrasjon som ikkje kan knytast til eit verksemdområde.¹ Permisjon og sjukdom går inn i årsverksinnsatsen på dei einskilde verksemdområda.

¹ T.d.; deler av leiarfunksjonane, økonomiforvaltning, personalforvaltning, personalutvikling, organisasjonsutvikling, brukarstøtte EDB, drift og vedlikehald av EDB-system og -utstyr, skrive- og forværelsetenester og arkivtenester.

Tabell 2: Ressursinnsats fordelt på verksemdområde

V erksemdområde	1993		1994	
	Beløp	%	Beløp	%
Inndeling i verksemdområde:				
verksemdområde 1				
verksemdområde n				
internadministrasjon				
Samla ressursinnsats				

SVL skal òg kommentere evt. forskyvingar som har mykje å seie for ressursinnsatsen på verksemdområda og kva for konsekvens dette har fått for måloppnåinga mellom dei einskilde hovudmåla frå 1993 til 1994.

forskinsprofil: Departementet ber SVL legge fram kor stor del av budsjettet som går til FoU innan satsingsområda til SVL. Vidare kor stor del av budsjettet som går til FoU på respektive norske og internasjonale tilhøve. Ein ber om at FoU-innsatsen på visse viktige sjukdommar, som ILA, BVD og evt. andre, blir oppgitt.

forskarutdanning: SVL skal rapportere gjennomsnittleg kostnad pr. student. Ein skal legge til grunn følgjande prinsipp for å rekne ut dei gjennomsnittlege kostnadstala: Summen av ressursinnsatsen innafor forskarutdanninga og den relative delen av ressursinnsatsen på internadministrasjon blir delt på studenttalet.

2.2 Ressursinnsats, forskning

SVL skal nytte FIOL ved rapporteringa av ressursbruken på forskning. Departementet kjem tilbake til denne rapporteringa ved eit seinare høve.

3 RESULTAT

3.1 Resultat etter hovudmål

SVL gir ein oversikt over dei resultat som er oppnådd i relasjon til hovudmåla i St.prp. nr. 1 for budsjetterminen 1994.

Departementet ber om at SVL i tillegg til resultatrapporteringa vurderer kor godt den aktuelle verksemda medverkar til oppfylling av strategiane slik dei er uttrykte i den overorda 5-års planen for VV. Det er berre relevant informasjon for Storting og departement som SVL skal rapportere, og ikkje rein aktivitetsrapportering utan direkte tilknytning til måloppnåinga.

Departementet ber om at SVL vurderer innføringa av ein ny og meir samordna programkategori, jf. St.prp. nr. 1 programkategori 15.10, og i kva for ein grad dette har ført med seg ei betre oppfylling av hovudmåla. I den samanhengen vil det òg vere naturleg å gi ein kort rapport om samarbeidet med andre institusjonar og etatar, særleg SVF og SNT.

Med omsyn til SNT er det m.a. viktig at ein omtaler førebuinga til samanflyttinga og etableringa av nytt laboratorium.

Framdrifta i arbeidet med å dokumentere nasjonal dyrehelse som ledd i oppfølginga av EØS-avtala må bli omtalt. SVL bør kommentere om nye oppgåver som t.d. realiseringa av EØS-avtala og førebuinga til eit mogleg EU-medlemskap har ført med seg at andre aktivitetar har blitt nedprioriterte, og kva for konsekvensar dette i så fall har hatt/vil kunne få m.o.t. måloppnåing/resultat.

Departementet ber om at institusjonen rapporterer ressursutnyttinga knytt til fjerde strekpunkt (forskning) på side 65 i St.prp. nr. 1 for 1994 i form av einskilte nøkkeltal. Ein viser vidare til drøftingane på konsernmøtet hausten 1994 om forskinga si del av SVL si totale verksemd. Vi ber om at både forholdstalet mellom forskning og anna verksemd og dei faktiske kostnadene blir talfesta så langt råd er. Vidare ber vi om kommentarar til forskinga sin innverknad på måloppnåinga i høve til dei andre hovudmåla.

utreiings- og forskingskompetanse: Ein ber om at det blir oppgitt kor mange forskingsoppdrag og utreiingsoppdrag institusjonen totalt har tatt på seg i 1994. Vidare ber ein om å få lagt fram kor stor del av budsjettet som representerer etterspørsel etter kompetanse som er relatert til dei to første måla på side 65 i St.prp. nr. 1 for 1994.

3.2 Resultatindikatorar:

Departementet ber om rapport i høve til indikatorane på s. 68 i St.prp. nr. 1 for 1994. Ein ber vidare om rapport i høve til dei indikatorane som er felles for alle utdannings- og forskingsinstitusjonar under LD, jfr. s. 86 i St.prp. nr. 1 for 1994.

VEDLEGG 1

RAPPORT 1994 FOR REINDRIFTSADMINISTRASJONEN

Reindriftsadministrasjonen bør gi ei kortfatta skildring av den verksemda som har gått føre seg sett i høve til måla og oppgåvene i St.prp. nr. 1 for 1994 og institusjonen sin målstruktur elles. Arbeidet med å betre Reindriftsadministrasjonen si resultatrapportering og utvikle gode metodar og system for dette, er i ein startfase, jf. St.prp. nr. 1 for 1995 der det er gitt resultatmål og resultatindikatorar for Reindriftsadministrasjonen.

1. RESSUR SINNSATS

Departementet ber Reindriftsadministrasjonen fordele ressursbruken etter ei inndeling av den faglege verksemda i verksemdområde, jf. tabell 1. Departementet gjer merksam på at all ressursinnsats, òg ressursinnsats knytt til verksemd som er eksternt finansiert (t.d. arbeid for trygd) skal reknast med i tabellen. Ein ber om at den samla ressursinnsatsen blir oppgitt i årsverk (med 1 desimal) og i beløp (i 1 000 kr).

Under området internadministrasjon sorterer administrasjon som ein ikkje kan knytte til eit verksemdområde. Dette kan til dømes vere delar av leiarfunksjonane, økonomiforvaltning, personalforvaltning, personalutvikling, organisasjonsutvikling, brukerstøtte edb, drift og vedlikehald av edb-system og -utstyr, skrive- og forværelsestenester og arkivtenester. Departementet ber om at institusjonen gir ei særskild omtale av internadministrasjonen i kommentarane til tabellen. I omtala bør institusjonen peike på tilhøve som kan forklare tala som kjem fram. Permisjon og sjukdom skal inngå i årsverksinnsatsen på dei einskilte verksemdområda.

Tabell 1: Ressursinnsats fordelt på verksemdområde og årstal

Verksemdområde	1993		1994	
	Årsverk	Beløp	Årsverk	Beløp
Inndeling av fagleg verksemd i ulike område				
*				
*				
*				
Internadministrasjon				
Samla ressursinnsats				

Departementet ber Reindriftsadministrasjonen nemne effektiviseringstiltaka som er gjennomførte og sette i gang i 1994 og effektar av tidlegare gjennomførte effektiviseringstiltak.

Departementet ber Reindriftsadministrasjonen vurdere effekten av edb-investeringar og edb-utvikling og gjere greie for korleis bruken av edb fungerer i dag (drift, kunnskapsnivå,

opplæring m.m.). Departementet ber om at eventuelle samarbeidsordningar med andre institusjonar blir omtalte.

2. RESULTAT

Her skal dei viktigaste resultata innan dei ulike verksemdområda for 1994 omtalast. Større avvik i høve til planlagde resultat må kommenterast. Det er ønskjeleg at rapporten for 1994 så langt som mogleg legg til grunn den nye målstrukturen for Reindriftsadministrasjonen, jf. rapporten Mål og strategier for Reindriftsadministrasjonen, juli 1994 og resultatmåla med resultatindikatorar som blei utforma som ledd i arbeidet med budsjettproposisjonen for 1995, jf. rapporten Resultatmål og resultatindikatorer Reindriftsadministrasjonen. Rapporteringsopplegg Reindriftsavtalen, september 1994 og St.prp. nr. 1 (1994-95).

Det er særleg ønskjeleg med ei nærare omtale av Reindriftsadministrasjonen sitt arbeid når det gjeld ressurs- og næringsutviklinga for reindrifta i Finnmark. Dette må mellom anna femne om utviklinga i reintalet, den generelle beitesituasjonen og omstillingsprogrammet for Indre Finnmark.

VEDLEGG 1

RAPPORT 1994 FOR LANDBRUKSTILSYNET

Landbrukstilsynet bør gi ei kortfatta skildring av den verksemda som har gått føre seg sett i høve til måla og oppgåvene i St.prp. nr. 1 for 1994 og institusjonen sin målstruktur elles. Arbeidet med å betre Landbrukstilsynet si resultatrapportering og utvikle gode metodar og system for dette, er i ein startfase, jf. St.prp. nr. 1 for 1995 der det er gitt resultatmål og resultatindikatorar for institusjonen.

1. RESSUR SINNSATS

Departementet ber Landbrukstilsynet fordele ressursforbruket etter ei inndeling av verksemda til institusjonen innan verksemdområde, jf. tabell 1. Departementet gjer merksam på at all ressursinnsats, òg ressursinnsats knytt til verksemd som er eksternt finansiert (t.d. arbeid for trygd) skal reknast med i tabellen. Ein ber om at den samla ressursinnsatsen blir oppgitt i årsverk (med 1 desimal) og i beløp (i 1 000 kr).

Under området internadministrasjon sorterer administrasjon som ein ikkje kan knytte til eit verksemdområde. Dette kan til dømes vere delar av leiarfunksjonane, økonomiforvaltning, personalforvaltning, personalutvikling, organisasjonsutvikling, brukerstøtte EDB, drift og vedlikehald av EDB-system og -utstyr, skrive- og forværelsestenester og arkivtenester. Departementet ber om at institusjonen gir ei særskild omtale av internadministrasjonen i kommentarane til tabellen. I omtala bør institusjonen peike på tilhøve som kan forklare tala som kjem fram. Permisjon og sjukdom skal inngå i årsverksinnsatsen på dei einskilde verksemdområda.

Tabell 1: Ressursinnsats fordelt på verksemdområde og årstal

Verksemdområde	1993		1994	
	Årsverk	Beløp	Årsverk	Beløp
Inndeling av fagleg verksemd i ulike område				
*				
*				
*				
Internadministrasjon				
Samla ressursinnsats				

Departementet ber Landbrukstilsynet nemne effektiviseringstiltaka som er gjennomførte og sette i gang i 1994 og effektar av tidlegare gjennomførte effektiviseringstiltak.

Dei siste åra er det brukt relativt store midlar til EDB-utvikling. Departementet ber Landbrukstilsynet vurdere effekten av dette og korleis det fungerer i dag (drift,

kunnskapsnivå, opplæring m.m.). Departementet ber om at eventuelle samarbeidsordningar med andre institusjonar blir omtalte.

2. RESULTAT

Her skal dei viktigaste resultata på dei ulike verksemdområda for 1994. Større avvik i høve til dei planlagde resultata må kommenterast. Det er ønskjeleg at rapporten for 1994 så langt som mogleg blir tilpassa arbeidet som er nedlagt i å formulere resultatmål og resultatindikatorar for Landbrukstilsynet i 1995.

Det er særleg ønskjeleg med ei nærare omtale av Landbrukstilsynet sitt arbeid med EØS-saker. EØS-avtalen femner om alle forvaltningsområda til Landbrukstilsynet og det er behov for meir løpande analysar og vurderingar av nye og endra EU-rettsakter. Arbeidet med å implementere EØS-avgjerder i norsk rett må bli omtalt. Det er òg ønskjeleg med omtale av innsatsen innan plantesanitær kontroll og Landbrukstilsynet sitt engasjement i utvikling av gode rutinar for kvalitetssikring.